



forum for  
natur og friluftsliv

Til  
Jølster Kommune  
Jostedalsbreen AS

Leikanger 27.10.2014

Frå  
FNF Sogn og Fjordane  
Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane  
Sogn og Fjordane Turlag

### **Vegtunnel til Tverrfjellet i Kjøsnesfjorden, Jølster.**

**FNF - Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane** er eit samarbeidsforum mellom natur- og friluftsansjonane på fylkesnivå, og har som formål å ivareta natur- og friluftsansjonane i aktuelle saker. FNF arbeider også for å sikre areal for eit aktivt friluftsliv. Friluftsliv er eit viktig bidrag til berekraftig utvikling, og vern om naturen er å sikre livsgrunnlaget for oss sjølve og komande generasjonar. Friluftsliv er ei kjelde til livskvalitet, naturoppleving og betre folkehelse. <http://www.fnf-nett.no/2101.2000.SognogFjordane.html>

#### **Om Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane:**

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane er fylkeslaget til Norges Naturvernforbund som er landets eldste natur- og miljøverneorganisasjon, 100 år i 2014. Naturvernforbundet arbeider for å ta vare på natur og miljø slik at menneskeleg verksemd ikkje påfører naturen større påkjenningar enn den toler. Sjå: <http://naturvernforbundet.no/sognogfjordane/>

#### **Om Sogn og Fjordane Turlag:**

Sogn og Fjordane Turlag (sjå [www.turistforeningen.no/sognogfjordane](http://www.turistforeningen.no/sognogfjordane)) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 15 lokale lag spreidd over heile fylket. Medlemstal ved siste årsskifte: 5.809. Prosjektet vil krysse og vere svært negativt for den gamle, tradisjonsrike turstien Lunde – Fjærland. Tverrfjellet ligg i Sunnfjord Turlag sitt arbeidsområde, sjå: <http://www.istur.no/>, men området vert også brukt av andre Turlag.

Vi har registrert at Jostedalsbreen AS og Jølster kommune arbeider for ein turistveg opp til Tverrfjellet aust for Kjøsnesfjorden i Jølster. Toppen av Tverrfjellet er 1494 meter over havet og markerer eit grensepunkt for Jostedalsbreen nasjonalpark.

FNF Sogn og Fjordane, Sognefjordvegen 40, 6863 Leikanger. Tel.: 480 20 532

Epost [sognogfjordane@fnf-nett.no](mailto:sognogfjordane@fnf-nett.no)

Nettside [www.fnf-nett.no/sognogfjordane](http://www.fnf-nett.no/sognogfjordane)

I nasjonalparken er landskapet verna mot alle tekniske inngrep, mellom anna bygging av vegar og oppsetting av bygningar. All motorferdsel er forbode. Det er heller ikkje rom for å byggje turisthytter på og ved breplataet. Jostedalsbreen har, som andre nasjonalparkar her i landet, eit strengt vern. Målet er å sikre at landskapet vert liggande i sin naturlege tilstand og utvikling, utan større og nye menneskeverk.

Ein veg opp til Tverrfjellet vil komme i konflikt med vernereglane, og vi kan difor ikkje sjå at planen er mogeleg å gjennomføre. Det er heller ikkje noko ved prosjektet som fell inn under reglane for unnatak eller grunnlaget for dispensasjon. Det er uklart for oss om utgangen frå tunnelen er tenkt i nasjonalparken eller like utanfor grensa. Etter vår oppfatning er dette spørsmålet heller ikkje vesentleg, fordi tiltaket under alle omstende må komme heilt nær grensar og på den måten også vil påverke den naturen som er verna. Planen om helikoptertrafikk til ein stad like utanfor nasjonalparkgrensa i Veitastrond fekk avslag på dette grunnlaget.

Målet med vegen er å skape ein turistattraksjon for reisande i bil. Dette er noko anna enn å legge til rette for det friluftslivet som er ein del av målet med nasjonalparken: å gje høve til naturopplevingar gjennom tradisjonelt friluftsliv som i liten grad treng teknisk tilrettelegging. Ein veg er i høg grad teknisk tilrettelegging. Til dette kjem at tilgangen til fjell frå bilvegar på Vestlandet er frå før svært god. Nasjonalparkane skal tene andre føremål enn tilkomst for bilturistar.

Det har vore hevda at det er altfor få som får nyte utsynet over brevidda og ut Kjøsnestfjorden. Om dette skulle vere tilfelle, er det likevel ikkje noko argument for å gje løyve til den planlagde tunnelen. Vi vil likevel peike på at det vêret som er vanleg på og ved Jostedalsbreen ikkje gjer det tilsikta utsynet til noko som reisande kan planlegge på førehand. Til det er lågt skydekke for vanleg. Vi stiller oss òg undrande til lovnaden om utsyn, frå Tverrfjellet, over breviddene lenger aust. Frå Tverrfjellet er terrenget og breen stigande 100-150 meter opp til ryggen mellom Jølster og Supphellebreen.

Dersom Jostedalsbreen AS skulle få løyve til å byggje den planlagde vegen, må styresmaktene bryte det regelverket som er laga for å ta vare på naturen. I så fall vert det uråd å seie nei til andre former for inngrep andre stader, og heile nasjonalparkpolitikken forvitrar. Vi har tillit til at dei som sit med ansvaret, ikkje vil gje seg inn på ei slik utvikling. Om det skulle komme varsel om noko anna, vil vi motarbeide vegplanen så tydeleg som vi kan.

Med helsing

Forum for natur og friluftsliv  
Elisabeth Dahle  
koordinator



Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane  
Erik Solheim  
Fylkestyremedlem



Sogn og Fjordane Turlag  
Naturvernutvalet  
Ron Overdevest, leiar

Kopi til:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane  
Sogn og Fjordane fylkeskommune

Kontaktperson :

Erik Solheim, mobil: 952 56 950